



Masfjorden kommune

Innkalling av Kommunestyret

Møtedato: 30.04.2014
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 10:00

Dagen startar med dialogmøte med leiarane.

Kommunestyret startar med saklista kl. 12.00.

Det vert matserving.

Eventuelle forfall må meldast til Maud Sleire Holmaas per tlf. 56166216, sms til 91572395 eller per epost til maud.sleire.holmaas@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

- 014/2014 Godkjenning av innkalling og sakliste
- 015/2014 Godkjenning av møtebok
- 016/2014 Plan for interkommunalt samarbeid innan helse og omsorgstenesta i Nordhordland
- 017/2014 Drøftingsak mottak av flyktningar
- 018/2014 Kompetanseutviklingsplan for skulane i Masfjorden 2014 - 15
- 019/2014 Ny samarbeidsavtale i vertskommunesamarbeid om krisesenter jfr kommunelova §28 -1 e
- 020/2014 Endring av tal røystekrinsar i Masfjorden kommune
- 021/2014 Kommunestruktur i Nordhordland mv
- 022/2014 Årsrekneskap 2013 for Masfjorden kommune
- 023/2014 Årsmelding 2013 for Kraftfondstyret
- 024/2014 Årsmelding 2013 for Masfjorden kommune
- 025/2014 Referatsak
- 1 Kontrollutvalet - møteutskrift 04.03.14
- 2 Årsmelding 2013 Kontrollutvalet i Masfjorden kommune
- 3 Kontrollutvalet - møteutskrift frå møte den 22.04.14
- 4 Kontrollrapport 2013 vedk skatteoppkrevjarfunksjonen for Masfjorden kommune

29. april 2014

Karstein Totland, ordførar
møteleiar

Maud Sleire Holmaas
sekretær

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		14/257

Saknr	Utval	Type	Dato
014/2014	Kommunestyret	PS	30.04.2014

Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Gerd Allis Håheim		14/257

Saknr	Utval	Type	Dato
015/2014	Kommunestyret	PS	30.04.2014

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 06.02.2014

Framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ørnulf Lillestøl	FE - 121, FA - F00	14/150

Saknr	Utval	Type	Dato
031/14	Formannskapet	PS	22.04.2014
016/2014	Kommunestyret	PS	30.04.2014

Plan for interkommunalt samarbeid innan helse og omsorgstenesta i Nordhordland

Vedlegg:

Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Nordhordland

Framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til innhald og føringar i «*Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland*», og forpliktar seg til å ta del i felles dialog og prosess om dei tema som planen omhandlar. Masfjorden kommune sluttar seg til at Nordhordland Utviklingsselskap IKS får i oppdrag å koordinera og organisera oppfølging av innsatsområda i planen. Masfjorden kommune sluttar seg til at det vert utarbeidd handlingsplan for konkretisering av innsatsområda, og at rådmannsutvalet får mandat til å godkjenna tiltak i handlingsplan. Masfjorden kommune legg til grunn at konkrete tiltak som forpliktar må forankrast i kommunen, og kommunen kan reservera seg mot å gå inn i konkret samarbeid sjølv om ein har slutta seg til planen.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Med bakgrunn i vedtak i kommunestyra november 2011 er det utarbeidd «*Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland*».

Planen har som mål å bidra til ei felles forståing for framtidige utfordringar og leggja til rette for interkommunalt samarbeid om oppgåveløysinga der dette er tenleg for kommunane og innbyggjarane. Gjennom planen vil me styrka det gode fundamentet kommunane i Nordhordland har etablert når det gjeld samarbeid på tvers av kommunegrensar.

Nytt lovverk med sentrale føringar, samt kartlegging og vurdering av utfordringsbilete og utviklingstrekk i Region Nordhordland har danna grunnlag for å peika ut fire innsatsområde som det må rettast særleg fokus på dei kommande åra. Planen gir ei kort framstilling av innsatsområda som er definert, med mulige samarbeidstiltak som er tilrådd for interkommunalt samarbeid. Tiltak vert konkretisert i eigen handlingsplan.

Fakta

Gjennom kommunestyret si tilslutting til planen forpliktar den enkelte kommune seg til å ta del i felles dialog og prosess om dei tema som planen omhandlar. Når det kjem til konkrete tiltak må likevel desse forankrast i den enkelte kommune. Dette inneber at kvar kommune kan reservera seg mot å gå inn i konkret samarbeid på eit seinare tidspunkt sjølv om ein har slutta seg til planen.

Viktige vedtakspunkt i arbeidet:

- Våren 2011 - Regionrådet fatta vedtak om å starta arbeidet med ein overordna plan for interkommunalt samarbeid om helse- og omsorgstenester i Nordhordland. Helseutvalet fekk i oppdrag å leia arbeidet.
- November 2011 - Kommunestyra i alle samarbeidskommunane handsama sak og slutta seg til planarbeidet.
- Februar 2012 - Helseutvalet handsama utkast til fekk til plan. Planutkast vart forkasta, og vedtok at planen skulle arbeidast vidare med på rådgjevar/kommunalsjef nivå for ny gjennomgang og vurdering. Arbeidsgruppe samansett av kommunalsjefar og rådgjevarar innan helse- og omsorg fekk i oppdrag å konkretisera og komprimera innhaldet i planen.
- Mars 2014 - Regionrådet sluttar seg til innhald og føringar i framlegg til «*Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland*», og at planen vert lagt fram for politisk handsaming i kommunane.

Revidert utgåve av «*Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland*» er drøfta i Rådmannsutvalet og godkjent av Helseutvalet. Planen har vore i kommunane på administrativ og fagleg høyring, og innspel er implementert i planen.

Handlingsplan

Det skal utarbeidast ein handlingsplan som er basert på og delt inn etter dei fire innsatsområda som er omtala i planen.

Handlingsplanen skal godkjennast av rådmannsutvalet, og rullering og evaluering skjer årlig i regi av Nordhordland Utviklingsselskap IKS.

Dersom handlingsplanen inneheld tiltak av prinsipiell og/eller økonomisk betydning skal det fortløpande vurderast om det er behov for politisk handsamingnn i kommunane før i verksetjing

Vurdering

Det er utarbeidd eit vurderingsgrunnlag som del av planprosessen. Dette er å sjå som eit vedlegg til planen som gir meir utfyllande opplysningar og vurderingar innan dei ulike innsatsområda. Innanfor området Folkehelse er det gjort eit særskild vurderingsarbeid. Rapport frå dette arbeidet er også å sjå som vedlegg til planen.

Vurderingsgrunnlag med rapport om folkehelse er å finna på www.saman.no/nordhordland

Konklusjon

Rådmannen viser til vedlagt utkast til plandokument og tilrår at kommunestyret sluttar seg til denne.

Formannskapet - 031/14

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

FS - vedtak:

Planen vart teken til vitring.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ørnulf Lillestøl	FA - F30	14/121

Saknr	Utval	Type	Dato
026/14	Formannskapet	PS	22.04.2014
017/2014	Kommunestyret	PS	30.04.2014

Drøftingsak mottak av flyktningar

Framlegg til vedtak:

Skriv inn forslag her

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret og formannskapet har ved fleire høve vurdert mottak av flyktningar til kommunen. I handsaming i fjor haust tilrådde rådmannen mot å gå vidare i planlegging av mottak. Grunngeving då var at det var for mange usikre moment som tilgjengelege bustader, kompetanse og avstander. dei økonomiske sidene var og er også usikre.

Formannskapet drøfta saka 23 januar. Rådmannen antyda då ei endring mot meir positiv tilråding. Formannskapet bad då om at saka vart presentert som ei drøftingsak til kommunestyret i april.

1. Bakgrunn for saka:

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) har oppmoda Masfjorden kommune om å ta imot 10 nyleg komne flyktningar for busetting i 2014, samt 10 nye for kvart av åra i 2015 og 2016. Også i 2012 og 2013 vart kommunen oppmoda om å busette 30 flyktningar i perioden 2012-2014.

Det er i dag kring 5000 personar med lovleg opphaldsløyve som framleis oppheld seg på asylmottak medan dei ventar på å få flytte til ein kommune. 700 av desse er born i familiar. IMDi oppmodar kommunane i Noreg om å busette til saman 10 000 flyktningar i 2014, og 9 000 for kvart år i 2015 og 2016.

IMDi har kome fram til oppmodingstala for kvar kommune i samarbeid med KS. Dersom ein kommune som vert oppmoda om å busette flyktningar svarar nei, eller fattar vedtak som er lågare enn oppmodinga, må talet på flyktningar delast på resten av busettingskommunane.

IMDi ber om at det fattast presise vedtak for tal på flyktningar slik at dei slepp formuleringar som gjer

det uklart kor mange flyktningar kommunen faktisk kjem til å ta imot. Dei ber også om at dei ikkje vert gjort vedtak som inkluderer personar med familieinnvandringsløyve eller på anna vis gjer det vanskeleg å gjennomføre busettingsarbeidet. Alle vedtak er bindande og må fattast utan atterhald.

2. Vurdering:

Det er eit stort behov for å busette flyktningar som har fått innvilga opphaldsløyve, men som framleis oppheld seg på asylmottak fordi det ikkje er funne bustad til dei. Samtidig er det eit stort ansvar frå kommunen si side, og ein prosess som krev store ressursar. Det er viktig å påpeike at det ikkje er tale om å busette asylsøkarar som ventar på å få handsama asylsøknadane sine, men personar som allereie har fått innvilga sine søknadar og som no ventar på å få starte liva sine på nytt i Noreg, og å verte ein del av eit lokalsamfunn.

2.1 Forpliktingar

Ved å vedta å busette flyktningar, forpliktar Masfjorden kommune seg til følgjande:

2.1.1 Å tilby bustad

Kommunen pliktar å tilby bustad med enkel standard ut frå opplysningar om behova og livssituasjonen til kvar enkelt flyktning. Bustaden kan vere hybel, leilegheit, hus eller bufellesskap.

Det er allereie mangel på utleigebustadar i delar av kommunen, både kommunalt og blant private aktørar. Administrasjonen meiner at dersom det vert vedteke å busette flyktningar, så er det mest realistisk å bruke kommunale bustader, eller bustader som kommunen har tilgang til. Vi har no tilgang til to bustader på leigebasis i nyoppført bygg på Matre, samt ein bustad på Stien som treng noko oppgradering.

Det vil vere størst moglegheiter for Masfjorden kommune å finne bustad til flyktningar dersom me tek imot barnefamiljar. I omtala bustader er det tilrettelagt for familiar med eit barn og då inntil 6 personar i fyrste omgang.

IMDi, MIKS (Ressurssenter for integrering og samhandling) og andre aktørar med erfaring frå busetting av flyktningar anbefaler at ein unngår å plassere alle flyktningane saman i eit hus/leilegheitsbygg, samtidig som den geografiske avstanden ikkje bør verte for stor til at dei kan ha kontakt med kvarandre. I den grad det er mogleg, vert det også anbefalt at ein finn bustad som ligg sentralt plassert i høve til offentlege tenester og butikk. Dette er med omsyn til sjølv integreringa, samt praktiske utfordringar rundt transport. det er muleg å inngå avtale med butikken på Haugsvær om utkøyring av matvarer.

Tilrådinga er elles å ta imot grupper på 10 personar for å etablere robuste grupper.

Det kan verte ei utfordring at Masfjorden har store avstandar og lite offentleg transport. I høve offentleg transport er Matre relativt godt egna. Flyktningane som kjem til Noreg må ta sertifikat på nytt og det krev økonomi og tid.

2.1.2 Å tilby introduksjonsprogram (jamfør Introduksjonslova kapittel 2) Introduksjonsprogrammet tar sikte på å

- a) gi grunnleggande ferdigheiter i norsk
- b) gi grunnleggande innsikt i norsk samfunnsliv
- c) førebu for deltaking i yrkeslivet

Programmet skal vere heilårleg og på fulltid, og det skal setjast opp ein individuell plan ut frå opplæringsbehova til den enkelte. Deltakarar har krav på introduksjonsstønad. På årsbasis er dette to gonger grunnbeløpet i folketrygda (grunnbeløpet for 2013 er kr 85 245). Personar under 25 år får 2/3 stønad.

Introduksjonsprogrammet skal tilby ferdigheiter som krevjast for at flyktningane skal verte ein del av vårt samfunn. I tillegg til undervisning i språk og samfunn, inneber dette tiltak som vil gjere flyktningane i stand til å delta i arbeidslivet. Etersom Masfjorden kommune ikkje har vidaregåande skule som kan hjelpe til med kompetansebygging, er det essensielt at ein samarbeider nært med det lokale næringslivet. På sikt kan flyktningane på denne måten verte ein arbeidsressurs, samt at ein forbetrar integreringsprosessen. Likevel vil det vere avgrensa kor mange arbeidsplassar det vil vere på sikt for ufaglærte arbeidarar i kommunen.

Også på dette punktet vil det vere ein fordel for Masfjorden å ta imot barnefamiljar, ettersom tilbodet om formell kvalifisering av vaksne truleg vil vere betre i større kommunar.

2.1.3 Å tilby opplæring i norsk og samfunnskunnskap (jamfør Introduksjonslova kapittel 4)

Kommunen pliktar å tilby minst 600 timar gratis opplæring i norsk og samfunnskunnskap til busette flyktningar (550 timar norsk og 50 timar samfunnskunnskap). Ved behov må kommunen tilby opp til 2400 norsktimer i tillegg. Opplæringa skal vere organisert i samsvar med dei målsettingar, krav og retningslinjer som er fastsatt i introduksjonslova med forskrifter. Obligatoriske avsluttande prøver i norsk og samfunnskunnskap for nykomne innvandrarar vart innført 1. september 2013.

Per i dag er det ikkje organisert planmessig opplæring i regi av kommunen til norskundervisning til utanlandske innbyggjarar. Dersom det vert vedteke å busette flyktningar må dette tilbodet tilpassast flyktningane. Det fins fleire kunnskapsbasar og ressurscenter for opplæring i norsk og samfunnskunnskap gjennom mellom anna IMDi og Vox (Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk).

Det kan vere aktuelt å samarbeide mot Knarvik og/eller Gulen kommunar for å få dette praktisk gjennomført.

2.2 Økonomiske vurderingar

Tilskot frå staten er viktige økonomiske verkemiddel for å oppnå måla i integrerings- og inkluderingspolitikken, og skal sikre at busette flyktningar får den oppfølginga dei treng i kommunane.

Dei to viktigaste tilskotsordningane til kommunane er integreringstilskotet og tilskot til opplæring i

norsk og samfunnskunnskap.

2.2.1 Satsar for integreringstilskot (2013):

Integreringstilskot	Busettingsår	Sats
	År 1	Kr 177 000 (vaksen) Kr 145 000 (born) Kr 225 000 (einsleg vaksen) Kr 165 000 (einsleg mindreårig)
	År 2	Kr 200 000
	År 3	Kr 142 600
	År 4	Kr 80 000
	År 5	Kr 70 000
Skuletilskot		Kr 11 400
Barnehagetilskot		Kr 23 400 (eingongstilskot)
Eldretilskot		Kr 152 200 (eingongstilskot)
Særskilt tilskot til einslege mindreårige		Kr 130 900
Personar med kjente funksjonshemmingar		Tilskot 1: Kr 165 100 (eingongstilskot) Tilskot 2: Inntil kr 825 700 i inntil 5 år

Integreringstilskotet skal bidra til at kommunane gjennomfører eit planmessig og aktiv busettings- og integreringsarbeid, med sikte på at dei busette flyktningane skal kome i arbeid og klare seg sjølve. Tilskotet skal dekke kommunen sine gjennomsnittlege utgifter ved busetting og integrering i busettingsåret og dei fire neste åra.

2.2.2 Satsar for tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap

Tilskotet til opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter introduksjonslova består av eit persontilskot og eit grunntilskot.

Persontilskotet er fordelt over ein periode på 3 år og har følgjande satsar for 2013:

År 1 (2013): kr 31 900

År 2 (2012): kr 54 700

År 3 (2011): kr 34 100

Grunntilskotet vert utbetalt i to satsar. Låg sats, kr 180 000, vert utbetalt til kommunar med 1-3 personar i målgruppa registert i NIR (Nasjonalt introduksjonsregister) per 15. januar. Høg sats, kr 560 000, vert utbetalt til kommunar med 4-150 personar i målgruppa registrert i NIR per 15. januar. (Tala er basert på statsbudsjettet for 2013).

2.2.3 Vurderingar

Kvart år ser eit berekningsutval på kommunane sine integreringsutgifter i høve til tilskota dei får. Tal frå 2012 viser at samla utgifter til femårskullet i 2013 var kr 724 500 medan integreringstilskotet i 2012 var på kr 598 000 for vaksne. Gjennomsnittleg utgift per undervisningstime i 2012 var på kr 1 120 (kr 1 410 inkludert lokaler). Tala er estimerte, og det er store variasjonar frå kommune til kommune. Likevel viser undersøkinga at dei estimerte utgiftene ved busetting av flyktningar i gjennomsnitt er høgare enn tilskota frå staten.

Tal frå Statistisk sentralbyrå viser at rundt 25% av flyktningar treng sosialhjelp, men at denne andelen vert redusert i høve til butid i landet.

Dei langsiktige økonomiske konsekvensane av å busette flyktningar er i stor grad avhengig av integreringsprosessen. Dersom ein lukkast i å integrere flyktningane vil dei fungere som innbyggjarar, arbeidstakarar og ressurspersonar på lik linje med alle andre innbyggjarar i kommunen. Det er dette som må vere målet.

2.3 Andre vurderingar

Masfjorden kommune har også kvalitetar som tilseier at me kan vere ein god busetnadskommune for flyktningar. Kommunen har gode oppvekstvilkår, god kvalitet på skule og barnehagar og full barnehagedekning. Den frivillige aktiviteten er stor, med mange frivillige lag og organisasjonar. Nokre av desse vil kunne fungere som viktige arenaer for integreringsarbeidet og det er essensielt for integreringsprosessen å få desse med på laget. Samtidig har me låg arbeidsløyse og utsikter for auke i arbeidsplassar også kombinert med varierte kommunale arbeidsplassar, burde gjere det mogleg å setje i gong kompetansebyggjande kurs, som vil komme både arbeidsgjevarar og flyktningar til gode.

Ved å busette flyktningar vil det også settast i gong integreringstiltak som vil kunne komme arbeidsinnvandrarane i kommunen til gode. Dette er ei gruppe som er stadig aukande, men som det hittil er gjort lite aktivt frå kommunen si side for å inkludere i samfunnet vårt.

Sett i eit større perspektiv, meiner administrasjonen at Masfjorden kommune skal ta sin del av ansvaret ved å busette flyktningar. Sjølv om det har sine utfordringar, finn ikkje rådmannen overtydande argument som tilseier at andre kommunar skal vere betre rusta til å busette flyktningar enn det Masfjorden er.

For at busettinga skal lukkast, er det nødvendig at ein flyktningkonsulent får hovudansvaret for

integreringsarbeidet, samt at det vert oppretta ei tverrfagleg arbeidsgruppe beståande av helse- og oppvekstsektoren, kultur og NAV. Det må også opprettast samarbeid med næringslivet og frivillige lag og organisasjonar der det konkrete målet er å legge til rette for full integrering i samfunnet gjennom arbeidspraksis og fritidsaktivitet.

For å kunne førebu seg til ei eventuell busetting, meiner administrasjonen at det vil vere svært viktig å få i gang eit forprosjekt som mellom anna skal setje fokus på kompetanseheving blant dei tilsette i kommunen som kjem til å jobbe med busettinga. Det vil vere aktuelt å kjøpe tenester frå kompetansesenter med erfaring frå flyktningarbeid, samt at ein flyktningkonsulent også treng tid til å førebu sjølv mottakinga. Det er også viktig å gå ut med informasjon til både innbyggjarar, næringsliv og frivillige lag og organisasjonar i førekant, slik at ein har eit nettverk som står klart til å ta imot flyktningane når dei eventuelt kjem.

Rådmann bør få mynde til å fastsetje den praktiske gjennomføringa av busettinga. I tillegg til dei formelle krava til bustad og introduksjonskurs, er det også viktig at apparatet som skal jobbe med integrering av flyktningane er på plass. Målet bør vere at kommunen kan ta imot eventuelle flyktningar til hausten.

3. Konklusjon:

Administrasjonen meiner at Masfjorden kommune bør sei ja til førespurnaden om å busette flyktningar. Flyktningane bør i første omgang busettast på Matre der det er størst tilgang på bustadar.

Dersom kommunestyret støttar dette synet vil det vere viktig å rekruttere ein flyktningekonsulent som kan organisere førebuingarbeidet på ein fagleg god måte

Det må leggjast stor vekt på det førebuande arbeidet, og tidleg i prosessen setjast ned ei eiga tverrfagleg arbeidsgruppe som skal assistere flyktningkonsulenten med busettinga. Det bør også gjennomførast eit forprosjekt som sikrar at den nødvendige kompetansen er på plass hos dei involverte.

Rådmann bør få delegert mynde til å bestemme når kommunen er klar med den praktiske førebuinga og er i stand til å gjennomføre busettinga. Mellom anna må ein sikre at bustadar er på plass, og at ein har eit klart opplegg for introduksjonskurset.

Etter ei samla heilskapsvurdering av kommunen sine sterke og svake sider når det gjeld busetting av flyktningar, er administrasjonen heilt klar på at Masfjorden kommune vil vere best rusta til å ta imot småbarnsfamiliar. Administrasjonen ber difor om at dette vert teke omsyn til av IMDi.

Formannskapet - 026/14

FS - behandling:

Personalsjef Ørnulf Lillestøl orienterte om saka

Saka vart drøfta.

FS - vedtak:

Formannskapet tek saka til vitring.

Saka går til kommunestyret for orientering.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FE - 433	14/429

Saknr	Utval	Type	Dato
024/14	Formannskapet	PS	22.04.2014
018/2014	Kommunestyret	PS	30.04.2014

Kompetanseutviklingsplan for skulane i Masfjorden 2014 - 15

Vedlegg:

Kompetanseutviklingsplan for skulane i Masfjorden 2014-2015

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner kompetanseutviklingsplanen for skuleåret 2014-15 slik han ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kompetanseutviklingsplan for grunnskulen for perioden 2012 -2015 vart vedteken i kommunestyremøte 29. mars 2012. Det vert laga ein årleg handlingsplan som byggjer på treårsplanen.

Fakta

Vidareutdanning:

I 2013 har Masfjorden kommune fått i overkant av kr. 330.000 i statlege midlar til å auka kompetansen for personalet i grunnskulen høve til læreplanen Kunnskapsløftet. Midlane har i stor grad gått til å dekke vikarutgifter i samband med vidareutdanning. Tre lærarar er i gang med vidareutdanning dette skuleåret.

Fordelinga mellom stat, kommune og lærar vart endra i den nye «Strategi for etter- og vidareutdanning» som er vedteken for perioden 2012-15. No dekkar staten 50 % av vikarutgiftene, kommunen 25 % og læraren 25 %. Dessutan betalar kommunen kostnader til reise, opphald, læremiddel og andre studieutgifter for dei som har fått plass på vidareutdanning. Det er eit krav at kommunen kvart år gjev ei tilbakemelding til state på korleis midlane har vorte brukte.

I Masfjorden kommune sitt budsjett for 2014 er det sett av kr. 300.000 til vidareutdanning.

Etterutdanning:

Dei statlege midlane til etterutdanning har minka dei siste åra og er no heilte vekke. Grunnen er at staten ynskjer å bruka meir av pengane til vidareutdanning som gjev studiepoeng og dermed auke formell kompetanse. Men vidareutdanninga når berre nokre få lærarar, og det er viktig at alle lærarar får auka kompetansen sin på området som er viktige for skulen. Hausten 2013 brukte skulane våre ein til to planleggingsdagar til felles kursing av lærarane i prosjektet «Betre læringsmiljø». Nordhordland kursregion arrangerer ein del fagkurs som lærarar kan søkja plass på, m.a. på felles planleggingsdagar. Der er og sett i gang ei kursrekke for leiarar i skulen.

Vurdering

§ 10-8 i Opplæringslova slær fast at «Skuleeigaren har ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda. Skuleeigaren skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skuleleiarar og personale med sær oppgåver i skuleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling».

Den vedlagde kompetanseutviklingsplanen skal ivareta dette aspektet.

Tilbakemeldingane etter den fyrste perioden med «Strategi for etter- og vidareutdanning», er gode. Høgskulane har fått statlege midlar til å utvikla eit godt vidareutdanningstilbod. Etterutdanningstilbodet i regi av Nordhordland kursregion og høgskulane har også høg kvalitet.

St. prp. Nr 1 (2006-07) seier at «...det er skoleeigars ansvar og oppgåve å sørge for at den den einskilde skolen og læreverksemda vurderer kva for kompetansetvillingstiltak dei bør prioritere for å kunne gjennomføre reforma i den einskilde verksemda».

Skulane har kome med sine ønskje om etterutdanning. Desse ønskje er fletta inn i planen.

Kommunestyret sa i sak 6/2010 at «for å betra resultatata i basisfaga skal ein prioritera vidareutdanning i norsk, matematikk og engelsk for heile grunnskulen».

Konklusjon

Dersom kommunen i framtida skal få tildelt statlege kompetansemidlar, må kommunestyret kvart år vedta ein handlingsplan. Den vedlagde handlingsplanen byggjer på ønskje om vidare- og etterutdanning som den einskilde rektor har henta inn frå sine tilsette. Samstundes er det lagt vekt på kva fag rektorane meiner at skulane treng auke kompetanse i.

Rådmannen tilrår at kommunestyret godkjenner kompetanseutviklingsplanen for 2014-2015 slik han ligg føre.

Formannskapet - 024/14

FS - behandling:

Rådgjevar Alf Strand svarte på spørsmål frå formannskapet

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Kommunestyret godkjenner kompetanseutviklingsplanen for skuleåret 2014-15 slik han ligg føre.



Sakshandsamar: Rådgjevargruppa/Alf Magnar Strand

Vår referanse: 14/429 - 14/1408 / FE - 433

Dato: 31.03.2014

Kompetanseutviklingsplan for skulane i Masfjorden 2014-2015

Den statlege satsinga på kompetanseheving for lærarar kjem til uttrykk i desse dokumenta: Kompetanse for kvalitet frå november 2011 og Informasjon om tildeling av midler til vidareutdanning i 2014, datert 06.01.2014.

Den kommunale kompetanseutviklingsplanen for skulane for perioden 2012-15 vart vedteken av kommunestyret 29.03. 2012, sak 18/12.

I Kompetanse for kvalitet står det at " En viktig forutsetning for elevenes læring er lærere med høy faglig og pedagogisk kompetanse og kompetente skoleledere" .

Staten, KS og lærarorganisasjonane har gått saman om ein strategi som skal styrka den faglege kompetansen til lærarane.

Det vil krevja vidareutdanning, altså kompetansegejevande utdanning. Vidareutdanninga skal i fyrste rekkje målrettast mot fagområde og emne som det på landsbasis er behov for å styrka. Partane snakkar om eit varig system for vidareutdanning.

Det har dei siste åra vore ei nedtrapping på midlane til etterutdanning (altså kortare kurs) til fordel for vidareutdanning. Staten vil med etterutdanningsmidlane ha "som mål å øke lærernes kompetanse gjennom etterutdanning på prioriterte fag og områder".

Vidareutdanning:

Midlane til vidareutdanning for skuleåret 2014-2015 skal i følgje styringsdokumenta gå til desse faga:

Norsk, matematikk og engelsk

Leseopplæring på barnesteget

Rådgjeving, kunst og handverk, rekning som grunnleggande dugleik, musikk, mat og helse, kroppsøving og skuleleiing

Kommunestyret har tidlegare sagt at basisfaga norsk, matematikk og engelsk skal prioriterast. (sak 6/2010). Det samsvarar då med den nasjonale satsinga.

Det sentrale studietilbodet har eit omfang på 30 studiepoeng over to semester. Dette er tilbod som vert gjeve ved høgskular og universitet over heile landet. Studia vil i stor grad vera nettbaserte slik at studentane kan arbeida heimanfrå. Det er i tillegg lagt opp til nokre veke- og/eller helgesamlingar.

Det er og høve til å prioritera andre fag ut frå lokale behov. Då må lærarane sjølv søkja studieplass innanfor det vidareutdanningstilbodet som høgskulane/universiteta gjev.

Frå og med skuleåret 2014-15 dekker staten 75 % av vikarutgiftene for lærarar som vil ta vidareutdanning i matematikk og naturfag og 60% for lærarar som vil ta andre fag. Kommunen sine utgifter går då ned tilsvarande.

Staten vil yta kr 180000 pr. student pr. studieår til dekking av vikarutgifter. Kommunen må dekke 45000 kr pluss reisekostnader og læremiddel. Læraren kan arbeida tre dagar for veka og studera i 2 dagar.

Lærarane søker på nett. Rektor prioriterer søknadene etter kva behovet er på eigen skule. Søknadene som kjem inn frå lærarane, vert vurderte av rektor og rådmannen og sende vidare i prioritert rekkefølge til utdanningsdirektoratet.

I matematikk har no ein lærar på kvar skule fått vidareutdanning. Til våren vil me sidan ordninga kom i gang ha gitt slik vidareutdanning:

Matematikk: 3 lærarar

Naturfag: 1 lærar

Mat og helse: 1 lærar

Norsk: 2 lærarar

Fransk: 1 lærar

Spes.ped: 1 lærar

Engelsk: 1 lærar

Fordelinga på skular er slik:

Nordbygda 3 lærarar

Sandnes 3 lærarar

Matre 4 lærarar

Rådmannen går i tråd med den vedtekne planen frå i fjor inn for følgjande prioritering:

1 Norsk

2 Engelsk

3 Rådgeving

4 Kunst og handverk

5 Andre framandspråk

6 Musikk

Frå statleg hald vil Masfjorden kommune i utgangspunktet få dekkja vikarutgifter for ein lærar. Ut frå eige budsjettet kan Masfjorden la 3 lærarar få vidareutdanning i 2014-15. Det samsvarar med det talet lærarar som årleg har fått vidareutdanning dei tre siste åra. Våren 2014 er det berre ein lærar som har søkt vidareutdanning, men det er viktig å hugsa på at ordninga med gratis vidareutdanning skal vera eit "varig system for vidareutdanning for det pedagogiske personalet". Me kan difor tenkja litt meir langsiktig når det gjeld oppbygging av kompetanse i lærarstaben.

Etterutdanning:

Me kan ikkje rekna med statleg tilskot til etterutdanning neste skuleår. Den etterutdanning våre tilsette tek del i, må dekkast av kommunen.

I kompetanseutviklingsplanen for 2012-15 er følgjande etterutdanning prioritert:

1 Leseopplæring

2 Rekneopplæring

3 Klasseleiing

4 Spesialpedagogikk

5 Tilpassa opplæring

6 IKT

7 Utdanningsval

8 Valfag

9 Individuell etterutdanning

Skuleåret 2013-14 har me satsa på «Betre læringsmiljø» med kursing av alle lærarar. I tillegg har ein nytta seg av ulike kurs frå Nordhordland kursregion.

Masfjorden vil skuleåret 2014-15 (fram til jul 2014) i stor grad vera opptekne med «Betre læringsmiljø». I tillegg kan ein gjera seg nytte av dei kurstilboda som Nordhordland kursregion set i gang. Praktisk og variert tilnærming i alle fag vil vera eit viktig etterutdanningsområde. Rektor og inspektør er med på den leiaropplæringa som kursregionen sette i gang i vinter.

Kartlegging av kompetanse

Behovet for kompetanse har vore kartlagt på skulane i samarbeid mellom rektor og tillitsvalde i fjor i samband med kompetanseutviklingsplanen.

ØKONOMI

Vidareutdanning:

«Strategi for vidareutdanning av lærere» legg opp til at staten skal dekkja vikarutgifter med kr 90000 pr. 15 studiepoeng pr. halvår. Kommunen går inn med fjerdeparten så mykje.

Dersom Masfjorden får studieplass for 1 lærar frå hausten 2014 og 2 lærarar hausten 2015, vil det kosta oss i alt 135000 kr pluss reiser og læremiddel. Det tilsvarer det som er budsjettert.

Etterutdanning:

Det er budsjettert med kr 50000 til etterutdanning i 2014. I tillegg har kvar skule ein sum til kurs og konferansar. I budsjettframlegget nedanfor er det rekna med same kommunale sum til etterutdanning for 2015.

BUDSJETT

	2013	2014	2015
Statlege tilskot	375000	375000	360000
Kommunal eigendel	350000	350000	190000
Sum	725000	725000	550000

Planen vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning .

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen	TI - &85, FA - F70, FA - F80, HistSak - 09/721	14/377

Saknr	Utval	Type	Dato
019/2014	Kommunestyret	PS	30.04.2014

Ny samarbeidsavtale i vertskommunesamarbeid om krisesenter jfr kommunelova §28 -1 e

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at Masfjorden kommune held fram administrativt vertskommunesamarbeid i samsvar med «Samarbeidsavtale, kommunelova §§ 28-1 a og 28-1 b jamfør 28-1 e, mellom Bergen kommune som vertskommune og samarbeidskommunar, om krisesentertilbod i henhold til lov av 19.juni 2009 nr 44 om kommunale krisesentertilbod.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Masfjorden kommune har vore med i samarbeid om krisesenter tilbod med kommunane i Hordaland og Bergen kommune som vertskommune gjennom samarbeidsavtale frå 2011 jamfør kommunestyrevedtak KS-085/10.

Bergen kommune har vedteke å etablere ny og oppdatert samarbeidsavtale jamfør vedlegg. Samarbeidsavtalen frå 2011 er justert fordi fleire kommunar i Hordaland sluttar seg til avtalen. Førsetnaden for at Masfjorden kommune sluttar seg til samarbeidsavtalen frå 2011 er ikkje endra.

Vurdering

Rådmann vurderer det som formålstenleg at Masfjorden kommune vidarefører krisesentertilbodet slik det ligg føre. Kommunen delegerer dei oppgåvene og mynde som er naudsynt for at Bergen kommune skal kunne ta på seg ansvar som vertskommune.

Masfjorden kommune vidarefører økonomisk ansvar jamfør samarbeidsavtalen frå 2011, og ny avtale punkt e.

Konklusjon

Masfjorden kommune sluttar seg til samarbeidsavtale om krisesentertilbod slik den ligg føre.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Gerd Allis Håheim	FE - 010, HistSak - 14/22	14/373

Saknr	Utval	Type	Dato
03/2014	Valstyret	PS	18.03.2014
020/2014	Kommunestyret	PS	30.04.2014

Endring av tal røystekrinsar i Masfjorden kommune

Framlegg til vedtak:

Røystestader i Masfjorden kommune frå og med kommunestyrevalet i 2015 vert slik: Hosteland røystekrins, Masfjordnes røystekrins og Matre røystekrins.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I Masfjorden kommune hadde me i mange år åtte røystekrinsar. På Sørsida var det Masfjordnes, Andvik og Kvingo. På Nordsida var det Hosteland og Risnes. I Indrefjorden var det Solheim, Haugsvær og Matre.

I 2002 gjorde valstyret vedtak om å endra tal røystekrinsar frå åtte til fem. Det var då sett opp to alternative forslag. Det eine alternativet var å redusera til tre røystekrinsar, ein i kvar del av kommunen. Det andre alternativet var fem røystekrinsar. Ein på Hosteland, to i Indrefjorden og to på Sørsida.

Valstyret vedtok då alternativet med fem røystekrinsar med tre mot to røyster. Ein sto då att med Haugsvær og Matre røystekrins i Indrefjorden, Hosteland røystekrins på Nordsida og Masfjordnes og Kvinge røystekrins på Sørsida. Det har ikkje vore gjorde endring sidan dette vedtaket vart gjort.

Fakta

I Masfjorden har men no fem røystekrinsar, to i Indrefjorden, to på Sørsida og ein på Nordsida. Hosteland er den største røystekrinsen og det går fint. Valdeltakinga er like stor der som i dei mindre krinsane.

Vurdering

Det var allereie i 2002 ting som tala for at det ville vera nok med ein røystekrins i kvar del av kommunen. Noko av argumentasjonen i valstyret då gjekk på at eldre ville få lengre veg til

røystelokale og at valdeltakinga ville gå ned.

Det er fleire ting som talar for at det bør vurderast å redusera tal røystekrinsar til tre i Masfjorden. Universelt tilgjenge er noko dei fleste no kjenner til. Sosial og helsedirektoratet har gjeve ut ein vegleiar om tilgjengelegheit til røystelokale. Eit røystelokale skal vera slik at alle grupper av veljarar uansett funksjonshemming kan kome inn i vallokalet å utøva røysteretten sin.

Når det gjeld røystelokalet på Haugsvær og Kvingo så oppfyller ikkje desse lokala på langt nær krav om universelt tilgjenge. Å stetta dette kravet i dei to grendahusa vil bli svært kostnadskrevjande. Ein anna moment er at det sannsynlegvis frå neste kommunestyreval vil bli innført elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen. Dette inneber at røystelokala må ha nettilgang. Det må og vera to linjer inn slik at ein har reservelinje. Det vil bli ein ganske stor kostnad om ein skal få lagt internettlinjer til til to grendahusa.

Økonomi

Kostnad i kroner og øre på få nettilgang til di to grendahusa har me ikkje, men det vil bli ein stor kostnad.

Konklusjon

Sjå framlegg til vedtak

Valstyret - 03/2014

VS - behandling:

Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke og tilrådd til kommunestyret.

VS - vedtak:

Røystestader i Masfjorden kommune frå og med kommunestyrevalet i 2015 vert slik:

- **Hosteland røystekrins**
- **Masfjordnes røystekrins**
- **Matre røystekrins**

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE - 002, TI - &35, FE - 030	14/344

Saknr	Utval	Type	Dato
029/14	Formannskapet	PS	22.04.2014
021/2014	Kommunestyret	PS	30.04.2014

Kommunestruktur i Nordhordland mv

Framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune tek til orientering rapportane frå Telemarksforsking, som er lagt fram knytt til kommunestruktur i Nordhordland. Rapportane det gjeld er: Nye samhandlingsformer og strukturendringar i Nordhordland Juni 2013. Nordhordland - kommunestruktur 2015 - Avgjerdsgrunnlag for val av vidare prosess - fase 2 1. Desember 2013. Masfjorden kommune ønskjer å vera med i den vidare prosessen med å delta i vidare utgreiing av ei kommunesamanslåing (utgreiingsløpet). Det er også viktig at prosessen vil bli tilpassa statlege signal som måtte koma i tida framover. Masfjorden ber om at ein ny modell for kommunesamanslåing også vert utgreidd. Denne er : Gulen, Modalen, Masfjorden og søre deler av Høyanger, samt Romarheimsdalen og Eksingadalen. Masfjorden kommune blir med vidare i utgreiingsløpet på vilkår av at denne modellen vert vurdert og utgreidd grundig.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

1. Bakgrunn for prosjektet

Hausten 2010 gjorde kommunane (Fedje har kopla seg på etterpå) vedtak om at ein ynskjer å delta i felles utgreiing om framtidig kommunestruktur i Nordhordlandsregionen og oppmoda Regionrådet til å stå for prosessen med utgreiinga. Bakgrunnen for dette var at behovet for interkommunalt samarbeid auka på fleire område, t.d. innanfor helse ved Samhandlingsreforma. Eit generelt auka behov for samarbeid, gjorde at spørsmålet om endring i kommunestruktur igjen vart eit aktuelt spørsmål.

Regionrådet har følgt opp dette i møte 23.09.11, der ein ber om at det vert søkt om midlar til prosjektet slik at ein kan drive det vidare. Det er no utarbeida to rapportar av Telemarksforsking, som gir eit grunnlag for om ein ynskjer å delta i vidare utgreiing om eventuell kommunesamanslåing.

2. Utgreiingar som er gjort så langt
Rapport 1- Nye samhandlingsreformer og strukturendringar i Nordhordland
Denne rapporten vart lagt fram i juni 2013. Rapporten ser på dei regionale utviklingstrekk kva gjeld befolkningsutvikling historisk og framskrive, reiseavstandar og næringsutvikling. Den ser også litt på endringar i kommunale oppgåver dei siste åra, der samhandlingsreforma står sentralt.

Det er vurdert tre ulike alternativ til kommunestruktur.

- Fortsetje som i dag med 9 sjølvstendige kommunar og ha ulike samarbeidstiltak.
- Samanslåing av alle dei 9 kommunane
- Samanslåing av to eller fleire kommunar

Rapporten seier at alle desse alternativa kan veljast. Dersom ein ønskjer å fortsette som i dag, så må samarbeidet mellom kommunane få ei meir einsarta styring. Dette for å sikra at den politiske og demokratiske dimensjonen vert betre ivaretatt. Full samanslåing av alle kommunane vil vera det som gir mest robuste fagmiljø på fleire tenesteområde. Dersom ein går for eit slikt alternativ, vert det rådd til at ein må ha desentraliserte løysingar.

Til slutt i utgreiinga ligg det forslag til vidare prosess om kommunestruktur i Nordhordland. Regionrådet slutta seg til tilrådinga i rapporten og bestilte ein rapport – fase 2 i arbeidet med kommunestruktur i Nordhordland. Denne rapporten vart lagt fram i desember 2013.

Rapport 2 – Nordhordland – kommunestruktur 2015 (TF rapport 331)

I denne rapporten er tre utviklingsbanar for Nordhordland vurdert:

- Fortsette som i dag som sjølvstendige kommunar og utstrakt interkommunalt samarbeid
3. samarbeid
- Tradisjonell kommunesamanslåing der to eller tre kommunar slår seg saman
 - Full samanslåing av alle (dei fleste) kommunane – til ein regionkommune

Desse tre alternativa er vurdert opp i mot følgjande kriterium:

Økonomi

Dei første 15 åra etter ei kommunesamanslåing, vil gje lita endring i frie inntekter, medan ein deretter vil få mindre inntekter enn kommunane kvar for seg. Ein større kommune kan verta meir effektiv og dersom det vert realisert kan det gje netto innsparing. Regjeringa har elles signalisert at det vil koma endringar i inntektssystemet som gjer det meir fordelaktig å slå seg saman.

Tenesteproduksjon

Når ein skal sjå på organiseringa av tenestene i ein større kommune, må det vurderast ulike alternativ der behovet for sentralisering og desentralisering vert vurdert opp i mot kvarandre. Dei fagområda som i dag er små kan bli større og meir robuste, og i større grad møta framtida si behov for kompetanse.

Lokaldemokrati

Dersom ein vel samanslåing, må det sjåast på kva som kan gjerast for å vitalisere lokaldemokratiet, som storleik på kommunestyre, utvalstruktur osv. Satsar ein på utvikling av det interkommunale samarbeidet må det også sjåast på korleis det demokratiske perspektivet kan ivaretakast betre.

Samfunnsutvikling

Ein kommunesamanslåing kan føra til at regionen vert oppfatta som meir slagkraftig og meir tydeleg utanfor regionen. Dersom nye oppgåver skal løysast av kommunane, vil ein større kommune sannsynleg vera betre i stand til å ta i mot dei, og ein vil sannsynlegvis heller ikkje få overført oppgåver frå stat og fylkeskommunane utan at kommunane er store og robuste. Ei utfordring i ein større kommune vil vera at veksten

i regionen er svært ulik, frå stagnasjon til område med vekst i heilt «Noregstoppen». Det vil difor bli ei stor oppgåve å få til vekst i heile regionen. Samstundes vil eit tydeleg regionsenter kunne trekka til seg oppgåver og arbeidsplassar som vil koma heile regionen til gode. Eit regionalt Helsehus vil vera eit riktig og viktig steg.

Me viser til rapporten og tilrådingar om vidare prosess.

3) Signal frå sentralt hald

Signala frå den nye regjeringa er at dei ønskjer ei endring i dagens kommunestruktur som i hovudsak vart bestemt for 50 år sida, og som baserer seg på politiske diskusjonar frå 1950-talet. Arbeidsoppgåvene til kommunane har endra seg betrakteleg og det har vore gjennomført store og omfattande reformer. Vidare har samferdsle og kommunikasjonar endra seg dramatisk og me har i dag ein digital teknologi som legg store føringar for tenester og kommunikasjon. Regjeringa har nyleg sett ned eit ekspertutval som skal koma med sin første rapport 24. mars. Vidare forventar ein å få meir tydelege signal på kva regjeringa ønskjer seg og kva verkemidlar som vil bli brukt i kommuneproposisjonen i mai.

4) Vegen vidare

Det var i utgangspunktet tenkt to løp vidare som kommunane kunne velje mellom:

- a) Utgreiingsløpet – samanslåing av alle ni kommunane eller ulike konstellasjonar mellom to eller fleire kommunar.
- b) Samarbeidsrelasjonsløpet – fortsette med den struktur ein har i dag og utvikla samarbeidet, men dette vil ikkje bli utgreidd vidare før ein ser resultatata av utgreiingsløpet.

Ut frå dei styringssignala som så langt har kome frå sentralt politisk hald, meiner Telemarksforsking at det er rimeleg å tru at samarbeidsrelasjonsløpet er mindre relevant no enn tidlegare. Når kommunane no skal velja kva dei vil gjera vidare i prosessen, meiner dei difor at kommunane bør velja å gå vidare med utgreiingsløpet. Grunngevinga for dette er at ein då er i tråd med det som ser ut til å bli dei sentralt gitte føringane for kommunereforma. I tillegg vil deltaking i utgreiingsløpet òg vera det alternativet som gjev mest kunnskap om dei moglege alternativa framover. Dei meiner difor at det tidlegare omtala «samarbeidsrelasjonsløpet» bør utgå i den vidare prosessen.

Nordhordland Utviklingsselskap IKS sluttar seg til dette, og me rår kommunane til å velja utgreiingsløpet. Også dei kommunane som er usikre på om dei ønskjer kommunesamanslåing, bør velja dette løpet. Når desse vurderingane skal gjerast, må det vurderast kva me veit i dag og korleis ein trur framtida vil bli. Valet som skal gjerast er langsiktig og den kommunestrukturen me har i dag har vore i 50 år. Dei kommunane som vel å bli med i utgreiingsløpet vil få saka til ny handsaming (fase 2.2) der dei vil få valet om å vera med vidare eller hoppa av prosessen.

Dersom kommunen ser på kommunesamanslåing som uaktuelt, eller der det eventuelt ikkje er aktuelt med samanslåing med andre kommunar i denne regionen, bør dei seia nei til vidare prosess. Ev. framtidig samarbeid, må eventuelt vurderast nærare når resultatet av endeleg samanslåingsprosess er ferdig.

Vurdering

Den nye regjeringa har kome med klare signal om at dei ønskjer ei kommunereform, der ein ser for seg ein annan kommunestruktur enn i dag. Den strukturen som ligg i dag har vore meir eller mindre uendra sidan 50-talet, og det er derfor krevjande å tenke heilt nye kommunegrenser og strukturar. Men me veit at kommunane vil få fleire nye oppgåver som skal løysast i framtida, og

dette er store samfunnsoppgåver som dagens kommunar må samarbeide om, ref. samhandlingsreforma. Nordhordlandsregionen har vore flinke på samarbeid og har i dag ei rekkje samarbeidsrelasjonar innanfor mange tenesteområder. Mange av desse samarbeida fungerer godt, men vi ser også at denne typen interkommunale samarbeid kan vere krevjande å handtere. I tillegg er det mange som stiller spørsmål med den demokratiske medverknaden i slike samarbeid. Dei prosessane som Regionrådet har starta knytt til framtidig kommunestruktur i Nordhordland, legg eit godt grunnlag for vidare arbeid. Med dei statlege signala som har kome rundt kommunestruktur, er regionen kome langt i sitt arbeid med å hente inn kunnskap på dette området. Rapportane tek for seg sentrale spørsmål og det er spesielt interessant å sjå på utgreiingane rundt kommuneøkonomi. Sjølv om Telemarksforsking meiner at økonomi ikkje bør vere drivkraft åleine, vil det likevel vere viktig å gjere endringar i inntektssystemet slik at det kan bli meir fordelaktig med ei samanslåing.

Det er viktig at Masfjorden kommune og regionen går for vidare utgreiing, og det er spesielt viktig å gå djupare inn på tema som tenesteproduksjon, tenestestruktur, lokaldemokrati, kompetansemiljø og samfunns- og næringsutvikling. Viss det blir aktuelt med kommunesamanslåing over heile landet og i Nordhordland, er det viktig for Masfjorden å få vurdert fleire modellar enn det som tidlegare har vorte drøfta av Telemarksforsking. Å slå saman kommunar på begge sider av Fensfjorden (Fedje, Austrheim, Gulen og Masfjorden) er etter rådmannen si vurdering lite aktuelt. Ein modell som etter rådmannen si vurdering bør utgreiast nærmare, er ein storkommune sør for Sognefjorden som omfattar Masfjorden, Gulen, Modalen og Høyanger på sørsida av Sognefjorden (eventuelt med tilgrensande bygder som Eksingadalen og Romarheimsdalen). Ein slik kommune vil få eit areal på over 1800 km², eit innbyggjartal på ca 5000, og fellesnemnaren for heile området er utfordringar knytt til negativ eller låg folketalsutvikling, avstandsproblematikk til større sentra og sentrale tenester, samt dårlege vegar, små skulekrinsar, små fagmiljø og store utgifter i høve til tenesteproduksjon per brukar på fleire område.

På den andre sida har desse kommunane og dette området mange felles kulturelle og historiske band og interesser, samt mykje kompetanse knytt til landbruk, oppdrett, vassdragsforvaltning, jakt og innlandsfiske, reiseliv og kraftproduksjon, samt bygdenæringar knytt til både tradisjonelt landbruk og til meir moderne tenesteproduksjon. Stor grad av sterk bygdeidentitet, samt røynsle med bruk og vern av store utmarksområde inkludert mykje av fjellområdet Stølsheimen, ville og kunna gje eit slikt område ein sterk kulturell identitet, som kunne virka samlande og gje energi i ein prosess til kommunesamanslåing. Det geografiske området med sine mange relativt jamstore bygder, ville og kunne auka sjansen for å få inn representantar i eit kommunestyre med god forståing for kva utfordringar små bygder har, og kva som er viktig for å få til ei god og sunn utvikling i eit slikt definert distriktsområde.

Rådmannen vil vise til at dei meir sentrale delane av Nordhordland, ligg mykje tettare opp til vekst- og byregionen Bergen, og at dette området på svært mange teneste- og utviklingsområde har heilt andre utfordringar enn det den indre og nordlege delen av Nordhordland og sørsida av Sognefjorden har. Ein enkel måte å seia dette på er at sentrale og sørlege deler av Nordhordland har folkevekst og element av vekstsmertor, med dei utfordringar og fokus det medfører, medan Masfjorden, Modalen, Gulen og søre Høyanger har heilt motsette utfordringar, folketalsnedgang og avstandsproblematikk. Å drifta og utvikla eit slikt geografisk spreidd område stiller heilt andre utfordringar og krav enn det meir tettbygde område gjer, som ofte vil måtta ha fokus på alle utfordringane folkeveksten gjev på mange typar tenesteområde og på utvikling av infrastruktur

knytt til denne.

Konklusjon

Uansett utfall av ein kommunesamanslåing eller ikkje, er det viktig for Masfjorden kommune at det vert henta inn meir kunnskap om kva effektar ei eventuell samanslåing kan få for Masfjorden sine innbyggjarar, og at alternativet med Gulen, Modalen og Høyanger på sørsida av Sognefjorden, samt omkringliggjande bygder i andre kommunar vert utgreidd.

Rådmannen rår til at Masfjorden kommune blir med vidare i utgreiingsløpet på vilkår om at denne nye modellen vert vurdert og utgreidd grundig

Formannskapet - 029/14

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Nytt framlegg til vedtak frå Ordførar Karstein Totland (H)

Masfjorden kommune tek til orientering rapportane frå Telemarksforsking, som er lagt fram knytt til kommunestruktur i Nordhordland. Rapportane det gjeld er: Nye samhandlingsformer og strukturendringar i Nordhordland juni 2013. Nordhordland - kommunestruktur 2015 - Avgjerdsgrunnlag for val av vidare prosess - fase 2 1. Desember 2013. Masfjorden kommune ønskjer å vera med i den vidare prosessen med å delta i vidare utgreiing av ei kommunesamanslåing (utgreiingsløpet).

Det er også viktig at prosessen vil bli tilpassa statlege signal som måtte koma i tida framover. Masfjorden ber om at ein ny modell for kommunesamanslåing også vert utgreidd. Dette er: Gulen og Masfjorden.

I ei slik utgreiing er det naturleg å ta med søre deler av Høyanger, Modalen, samt Romarheimsdalen og Eksingedalen.

Masfjorden kommune blir med vidare i utgreiingsløpet på vilkår av at denne modellen vert vurdert og utgreidd grundig.

Røysting:

Høgre sitt framlegg og rådmannen sitt vart røysta opp mot kvarandre.

H sitt framlegg fekk 4 røyster. (H,Ap,Krf)

Rådmannen sitt framlegg fekk 1 røyst og fall. (V)

FS - vedtak:

Masfjorden kommune tek til orientering rapportane frå Telemarksforsking, som er lagt fram knytt til kommunestruktur i Nordhordland. Rapportane det gjeld er: Nye samhandlingsformer og strukturendringar i Nordhordland juni 2013. Nordhordland - kommunestruktur 2015 - Avgjerdsgrunnlag for val av vidare prosess - fase 2 1. Desember 2013. Masfjorden kommune ønskjer å vera med i den vidare prosessen med å delta i vidare utgreiing av ei kommunesamanslåing (utgreiingsløpet).

Det er også viktig at prosessen vil bli tilpassa statlege signal som måtte koma i tida framover.

Masfjorden ber om at ein ny modell for kommunesamanslåing også vert utgreidd. Denne er: Gulen og Masfjorden.

I ei slik utgreiing er det naturleg å ta med søre deler av Høyanger, Modalen, samt Romarheimsdalen og Eksingedalen.

Masfjorden kommune blir med vidare i utgreiingsløpet på vilkår av at denne modellen vert vurdert og utgreidd grundig.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kristian Moen	FE - 210	14/480

Saknr	Utval	Type	Dato
032/14	Formannskapet	PS	22.04.2014
022/2014	Kommunestyret	PS	30.04.2014

Årsrekneskap 2013 for Masfjorden kommune

Vedlegg:

Revisjonsmelding Masfjorden 2013

Årsrekneskap 2013

Framlegg til vedtak:

Årsrekneskapen 2013 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre, med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 5 144 475,73. Rekneskapsmessig mindreforbruk vert disponert slik : a) Kr 980 000 vert sett av til disposisjonsfond, konto 2.5600.102, og nyttast til å dekke amortiseringsavvik med bakgrunn i inntektsført premieavvik i 2013. Beløpet vert inntektsført med 1/10 årleg frå og med rekneskapen 2014. b) Kr 2 600 000 av urealisert gevinst på finansielle plasseringar, vert sett av til disposisjonsfond for å dekke eventuelle tap på plasseringar i komande år. Avsetninga kan nyttast når gevinst på finansielle plasseringar vert realisert. c) Kr 225 000 vert nytta til velferdstiltak, kr. 1 000 pr tilsett. d) Kr 300 000 overføring av unytta løyvingar, herav kr 100 000 til Betre læringsmiljø, kr 150 000 til etter- og vidareutdanning innan oppvekst, kr 100 000 til utbetring av lagerplass på sjukeheimen og kr 50 000 til hyller på biblioteket. e) Kr 1 039 475,73 vert avsett til disposisjonsfond, og innarbeid i budsjett 2014 til finansiering av udekkta investeringar i investeringsrekneskapen.

Saksopplysningar:

Finansiering

Rekneskapemessig mindreforbruk 2013

Vurdering

Rekneskapen for 2013 viser eit bra resultat. Etter at rekneskapen vart avslutta, er det for ressurskrevjande brukarar av helsetenester sendt eit refusjonskrav som er kr 278 000 høgare enn inntektsført i rekneskapen 2013. På sjølvkostområdet for avlaup har kommunen eit akkumulert overskot på kr 227 648. Dette overskotet vert teken omsyn til ved avrekninga av sjølvkostområdet i 2014 og korrigert mot avsetning til fond.

Administrasjonen kjenner ikkje til andre vesentlege forhold som ville hatt innverknad på driftsresultatet.

I investeringsrekneskapen er det i 2013 nytta kr 2 449 031,61 til dekking av tidlegare års udekkede investeringar. Med investeringsprosjekt som ikkje er finansiert i 2013, har kommunen eit akkumulert udekkede finansieringsbehov på kr 4 146 191,13.

Uttale

Revisjonsmelding

Fakta

Rekneskapshefte
Revisjonsrapport

Konklusjon

Administrasjonen tilrår at rekneskapen for 2013 vert godkjent slik den ligg føre og disponering av rekneskapsmessig mindreforbruk i samsvar med tilrådinga. Gjennom rekneskapsheftet og saksutgreiinga har administrasjonen vektlagt og synleggjort dei vi meiner er relevant informasjon om rekneskapen 2013.

Formannskapet - 032/14

FS - behandling:

Økonomisjef Kristian Moen gjekk gjennom rekneskapen.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Årsrekneskapen 2013 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre, med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 5 144 475,73. Rekneskapsmessig mindreforbruk vert disponert slik :

a) Kr 980 000 vert sett av til disposisjonsfond, konto 2.5600.102, og nyttast til å dekke amortiseringsavvik med bakgrunn i inntektsført premieavvik i 2013. Beløpet vert inntektsført med 1/10 årleg frå og med rekneskapen 2014.

b) Kr 2 600 000 av urealisert gevinst på finansielle plasseringar, vert sett av til disposisjonsfond for å dekke eventuelle tap på plasseringar i komande år. Avsetninga kan nyttast når gevinst på finansielle plasseringar vert realisert.

c) Kr 225 000 vert nytta til velferdstiltak, kr. 1 000 pr tilsett.

d) Kr 300 000 overføring av unytta løyvingar, herav kr 100 000 til Betre læringsmiljø, kr 150 000 til etter- og vidareutdanning innan oppvekst, kr 100 000 til utbetring av lagerplass på sjukeheimen og kr 50 000 til hyller på biblioteket.

e) Kr 1 039 475,73 vert avsett til disposisjonsfond, og innarbeid i budsjett 2014 til finansiering av udekka investeringar i investeringsrekneskapen.

Til kommunestyret i Masfjorden kommune

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Administrasjonssjefen

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Masfjorden kommune som viser kr 130 074 327 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 5 144 476. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2013, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ein omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Masfjorden kommune per 31. desember 2013 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga


Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Isdalstø, 14.04.2014

Nordhordland Revisjon IKS



Reidar Bjørsvik

Revisjonssjef

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Aina Isdal Haugland		14/523

Saknr	Utval	Type	Dato
004/14	Kraftfondsstyret	PS	22.04.2014
023/2014	Kommunestyret	PS	30.04.2014

Årsmelding 2013 for Kraftfondstyret Kraftfondet

Framlegg til vedtak:

Årsmeldinga 2013 vert teken til vitring. Unytta midlar 2013 vert avsett til disposisjonsfond 2.5600.315 bustadføremål.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Årsmelding for Masfjorden kraftfond skal leggjast fram som melding om kraftfondet si verksemd for kommunestyre kvart år jf. § 7 i vedtektene.

§ 7 Årsmelding

Det skal leggjast fram ei melding om kraftfondet si verksemd for kommunestyre kvart år. Gjenpart av denne årsmeldinga skal sendast Fylkesmannen og fylkeskommunen.

Vurdering

Uttale

Høyring

Fakta

Sjå årsmelding 2013.

Konklusjon

Årsmeldinga vert teken til orientering.

Kraftfondsstyret - 004/14**KRFT - behandling:**

Saka vart drøfta

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KRFT - vedtak:

Årsmeldinga 2013 vert teken til vitring. Unyttta midlar 2013 vert avsett til disposisjonsfond 2.5600.315 bustadføremål.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 210	14/481

Saknr	Utval	Type	Dato
030/14	Formannskapet	PS	22.04.2014
024/2014	Kommunestyret	PS	30.04.2014

Årsmelding 2013 for Masfjorden kommune

Framlegg til vedtak:

Årsmelding 2013 for Masfjorden kommune vert teke til vitring.

Saksopplysningar:

Årsmelding 2013 vert delt ut i eige dokument

Formannskapet - 030/14

FS - behandling:

Årsmeldinga vart gjennomgått.

FS - vedtak:

Årsmelding 2013 for Masfjorden kommune vert teke til vitring.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		14/257

Saknr	Utval	Type	Dato
025/2014	Kommunestyret	PS	30.04.2014

Referatsak

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
1	Kontrollutvalet - møteutskrift 04.03.14
2	Årsmelding 2013 Kontrollutvalet i Masfjorden kommune
3	Kontrollutvalet - møteutskrift frå møte den 22.04.14
4	Kontrollrapport 2013 vedk skatteoppkrevjarfunksjonen for Masfjorden kommune

Framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:



Masfjorden kommune

KONTROLLUTVALET FOR MASFJORDEN KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møtedato, 04.03.2014
 Stad: Kommunehuset - Sandnes
 Kl.: 09.15 – 12.30
 Tilstades: Vigdis Søvik (leiar), Birger Wergeland – vara for Jan Otto Daae (nestleiar) og Øystein Bolset Strand
 Innkalla: Rådmann Svein Helge Hofslundsengen og dessutan møte ordførar Karstein Totland
 Revisjon:
 Sekretær: Sekretariatsleiar Bent Gunnar Næss.
 Forfall: Jan Otto Daae (nestleiar)

01/14 Godkjenning av innkalling og saksliste

Kontrollutvalet hadde forventa at prosjektrekneskapa for Matre Symjebasseng og Matre Vassverk var lagt ved sakspapira.

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

02/14 Godkjenning av møteutskrift

Kontrollutvalet peika på at møteutskriften frå kontrollutvalet ikkje var lagt ved sakspapira til møte i kommunestyret som var 6. februar.

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå 16.12.13 vart godkjent.

03/14 Skriv og meldingar

- Årsrapport for 2013 - skatteoppkrevjaren i Masfjorden kommune
- Kontrollrapport 2013 vedkommande skatteoppkrevjarfunksjonen i Masfjorden kommune
- Leiar i kontrollutvalet orienterte om kontrollutvalgskonferansen på Gardermoen i februar
- Reglementet for møtegodtgjersle vart diskutert og at dette er noko som med jevne mellomrom bør settast på dagsorden for å sikre ein god praksis.
- Ordførar orienterte om aktuelle saker
 - Steindeponiet på Haugsvær – og arbeidet med å få det realisert – har mellom anna møte med BKK.
 - Har samtalar med Gulen om leveranse av vatn og framtidige avtalar. Dette vil komme til politisk handsaming.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok skriv og meldingar til etterretning.

04/14 Prosjektrekneskap Matre Symjebasseng

Rådmann orienterte om status.

Finansieringa av prosjektet er ikkje endeleg ferdig da ein ikkje har endeleg avtale med Gulen og det har betydning for tippemidlane.

Dei rutinane som gjeld for investeringsprosjekt er ikkje følgt heilt i dette prosjektet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok orienteringa til etterretning. Dersom det ikkje kan leggast fram eit endeleg rekneskap så ønskjer å få framlagt eit førebels rekneskap til neste møte i kontrollutvalet.

05/14 Prosjektrekneskap Matre vassverk

Rådmann orienterte om status.

Rådmann reknar med å kunne legge fram eit prosjektrekneskap på neste møte i kontrollutvalet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok orienteringa til etterretning.

06/14 Kommunen sitt arbeid med etikk og varsling

Kommunen har eit reglement for dei folkevalte og tilsette i Masfjorden kommune. Det var sist vedteke i kommunestyret

Rådmann orienterte om arbeidet med etikk og varsling.

Det har vore tema på leiarsamlingar og ein forventar at det vert tatt opp vidare nedover i organisasjonen.

Kommunen har gode rutinar for varsling. Det er ikkje motteke noko reelt varsel. Reglementet er vedteke av kommunestyret.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok orienteringa til etterretning. Kontrollutvalet ser det som viktig at dette temaet vert tatt opp med jamne mellomrom i organisasjonen.

07/14 Årsmelding 2013 kontrollutvalet

Sakstilfang: Utkast til årsmelding

Utkast til årsmelding vart gjennomgått i møte.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjente årsmeldinga slik den låg føre.

08/14 Møteplan for kontrollutvalet - 2014

Sakstilfang: Utkast møteplan kontrollutvalet – 2014

Kontrollutvalet diskuterte planen og kva saker som er aktuelle i året 2014.

Det vart satt opp følgjande møtedatoar:

- 22 april.
- 22. september
- 8. desember

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtok møteplan for 2014.

09/14 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

På grunn av nye system så har møteprotokollane blitt lagt ut litt seint.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknadar.

10/14 Eventuelt

Neste møte i kontrollutvalet er tysdag 22. april kl 09.15.

Masfjorden, 04.03.14



Vigdis Søvik/leiar


Bent Gunnar Næss/sekretær



Årsmelding 2013

KONTROLLUTVALET FOR MASFJORDEN KOMMUNE

Organisering og møter

Denne rapporten gjeld kontrollutvalet sitt arbeid i tidsrommet 01.01.2013 til 31.12.2013. I denne perioden har utvalet hatt fylgjande samansetjing:

Faste medlemmer:

- Vigdis Søvik (leiar)
- Jan Otto Daae (nestleiar)
- Øystein Bolset Strand

Varemedlemmer:

- 1. Birger Wergeland
- 2. Ellen Andvik
- 3. Marianne Ulvatn

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ. Utvalet kan i prinsippet ta opp alle saker som har med kontroll og tilsyn. Utvalet har hatt 5 møter i perioden og har handsama 45 saker. Frå og med 01.07.13 er kontrollutvalet sine møte opne på lik linje med andre politiske møte.

Kontrollutvalet skal gi ein uttale til rekneskapen. Kontrollutvalet ser det som positivt at kommunen har lagt fram positive netto driftsresultat dei siste åra. Dette er viktig for å kunne gi kommunen tilstrekkeleg handlefridom og gode tenestetilbod til innbyggjarane framover. Ein del av inntektene til kommunen er usikre og det er difor viktig at ein har ein god buffer i resultatet i gode år. Kontrollutvalet peika på at der var nokon avvik i skjema 2B i forhold til vedteke budsjett. Kommunen har plassert noko av midlane i aksjar. Kontrollutvalet saknar ei vurdering i årsmeldinga/rekneskapen om avkastning og risiko.

Kontrollutvalet merka seg dei punkta som vart peika på i revisjonsrapporten (nr 7) til rekneskapen og årsmeldinga:

- Svak arbeidsdeling på likvidområdet
- Anleggsregisteret som ikkje er oppdatert
- Uteståande krav som ikkje vert følgt opp
- Periodiseringsfeil

Kontrollutvalet bestilte eit forvaltningsrevisjonsprosjekt som såg på «Tenestetilbodet til barn og unge med særskilte behov». Rapporten vart lagt fram for kontrollutvalet i møte 03.06.13. Kontrollutvalet merka seg at kommunen har visse utfordringar med omsyn til korleis tenestetilbodet skal organiserast framover, der det bør sjåast på:

- Bør får på plass planverk og meir «nøyaktig» rekneskapsføring, for å etablere styringsverktøy
- Struktur: argumentasjon bak val av organisasjonsstruktur
- Økonomisk: truleg forvente fortsatt vekst i driftsutgifter
- Bør undersøke praksisen for tildeling av spesialundervisning



Kontrollutvalet fikk framlagt prosjektrekneskapen for Utleigebustadane på Sandnes og hadde der nokon kommentarar som bør følgjast opp av administrasjon i seinare prosjekt:

- Prosjektet mangla anskaffelsesprotokoll
- Prosjektet skulle vore lagt ut på anbod på Doffin
- Prosjektrekneskapen kunne vore satt opp på ein litt meir ryddig måte
- Overforbruket kunne vore betre forklart
- Vist klarare til politiske vedtak

Kontrollutvalet er også av den meining at det bør kunne gå kortare tid frå at eit prosjekt er ferdig til det vert lagt fram eit prosjektrekneskap.

Desembermøte til kontrollutvalet var lagt til Einekavane der ein fikk omvisning og orientering om drifta og tenestene og god servering.

Andre saker som er handsama i perioden:

- Orientering om tenesteområdet – teknisk og landbruk
- Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengighet
- Salet av «gamle banken»
- Prosjektrekneskap – Visma
- Orientering om den administrative organiseringa i kommunen
- Orientering om den økonomiske stoda til kommunen
- Revisor sin uavhengighet
- Revisjonen sitt arbeid

Kontrollutvalet sin leiar har delteke på kontrollutvalgskonferansen på Gardermoen. Det er nyttig for å kunne halde seg orientert om kva som skjer elles i landet. Det har vore ei samling for leiarane i kontrollutvala i regionen. I tillegg har det vore eit kurs om opne møte og habilitet, det vart halde på rådhuset i Meland.

Kontrollutvalet er opptatt av at kommunen har ein internkontroll som sikrar god og effektiv sakshandsaming, og at kommunen sine midlar vert disponert på ein betryggande måte. Dette er av stor betydning for kommunen sitt omdømme. Det er også viktig at politiske vedtak vert følgt opp, og sett i verk slik som det er forutsatt.

Masfjordnes, 4. mars 2014

Vigdis Søvik
leiar



KONTROLLUTVALET FOR MASFJORDEN KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møtedato, 22.04.2014
Stad: Kommunehuset - Sandnes
Kl.: 09.15 – 13.20
Tilstades: Vigdis Søvik (leiar), Jan Otto Daae (nestleiar) og Øystein Bolset Strand
Innkalla: Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, økonomisjef Kristian Moen til sak 14/14 og ordførar Karstein Totland
Revisjon: Revisjonssjef Reidar Bjørsvik
Sekretær: Sekretariatsleiar Bent Gunnar Næss.
Forfall:

11/14 Godkjenning av innkalling og saksliste

Kontrollutvalet hadde forventa at prosjektrekneskapa for Matre Symjebasseng og Matre Vassverk var lagt ved sakspapira. Viser til tidlegare møte der prosjekta er etterlyst og kontrollutvalet forstod det også slik på sist møte at det skulle vere ferdigstilt til dette møte. I reglementet for investeringsprosjekt står det at det skal utarbeidast prosjektrekneskap innan 31.12. det året prosjektet er overlevert/ferdig.

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

12/14 Godkjenning av møteutskrift

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå 04.03.14 vart godkjent.

13/14 Skriv og meldingar

- Fylkesmannen sin uttale til budsjettet for 2014.
- Leiar i kontrollutvalet hadde fått nokon spørsmål som vart diskutert i møte
 - Fysioterapi – kapasitet og manglande tilgjengelighet
 - Teknisk utval – om der var gjort ein evaluering slik det var vedteke ved oppstart – evalueringa er ikkje gjennomført

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok skriv og meldingar til etterretning.

14/14 Rekneskap og årsmelding for 2013

Sakstilfang: Rekneskap – 2013, revisjonsmelding og revisjonsrapport for 2013. Årsmeldinga vart lagt fram i møte.

Rådmann og økonomisjef møtte i denne saka.

Kontrollutvalet gjekk gjennom årsrekneskapen for 2013, og stilte spørsmål til administrasjon og revisor om tilhøve kring revisjonsrapporten, årsmeldinga og rekneskapen.

Samrøystes vedtak:

Med tilvising til det som her er nemnd vedtok Kontrollutvalet å gi slik uttale til kommunestyret om Masfjorden kommune sin årsrekneskap for 2013:

Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for Masfjorden kommune for 2013. Saman med årsrekneskapen låg føre revisjonsmelding og revisjonsrapport. Årsmeldinga frå rådmannen vart lagt fram i møte. Kontrollutvalet ber om at årsmeldinga for seinare år vert utarbeida slik at den vert sendt ut på førehand.

Kontrollutvalet meiner at presentasjon av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og notar, tilfredsstillar brukarane sitt informasjonsbehov.

Kontrollutvalet har nokon kommentarar til rekneskap og årsmelding.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen for 2013 syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 5,1 mill kr og eit positivt netto driftsresultat på 7,5 mill kr, det er 4,1 % av driftsinntektene. Kontrollutvalet ser det som viktig at kommunen har positivt netto driftsresultat slik at ein kan oppretthalde eit godt tenestetilbod i framtida. Ein del av inntektene til kommunen er usikre og det er difor viktig at ein har ein god buffer i resultatet i gode år. Driftsinntektene auka med 4,5 % mens driftsutgiftene auka med 5,8 %. Lønn og sosiale utgifter (skjema økonomisk oversikt drift) viser ein auke som er litt over inntektene. Netto premieavvik er om lag uendra i 2013.

Skjema 1A viser at det er nokon avvik på dei einskilde områda, både meir- og mindre forbruk. Teknisk har eit relativt stort overforbruk på 2,1 mill kr, mens pleie og omsorg har eit underforbruk på 3,2 mill kr. Kultur har ein stor vekst i utgiftene og eit meirforbruk på 0,5 mill kr. Det er litt varierende kor godt avvika er forklart i rekneskapen og årsmeldinga.

I investeringsrekneskapen – skjema 2B er der bare nokon mindre avvik mellom vedteke budsjett og rekneskapen. Det var ein gjennomgang av dei investeringane som ikkje er fullfinansiert.

I reglement for finansreglement, kap 19 i økonomireglementet har kommunen vedteke korleis finansforvaltninga skal vere og krav til rapportering (kap 19.8). Det står mellom anna at kommunen skal forvalta sine midlar slik at tilfredsstillande avkastning kan oppnåast, utan at det inneber vesentleg finansiell risiko. Kontrollutvalet saknar ein note i rekneskapen som syner kva avkastninga har vore på dei ulike plasseringane, sett over nokre fleire år. Avkastninga må sjåast i samanheng med den finansielle risikoen. Kontrollutvalet viser til forskrift om finansforvaltning § 6 og kommentaren til denne:

Andre ledd angir at det i tillegg skal rapporteres en gang etter årets slutt. På grunn av at årsberetningen i kommuner og fylkeskommuner blir lagt fram for kommunestyret eller fylkestinget et stykke ut i det nye året, vil det være mest naturlig for administrasjonssjefen å legge fram en egen rapport om status for finansforvaltningen til kommunestyret eller fylkestinget nærme budsjettårets slutt. Årsberetningen bør i tillegg inneholde et sammendrag av utviklingen gjennom året og status ved årets slutt, jf. krav til årsberetningens innhold i henhold til Kommunal regnskapsstandard (F) nr. 6. Her går det fram at den eigne rapporteringa skal komme helt i starten på året og at årsmeldinga/årsrekneskapen også skal sei noko om finansforvaltninga.

Kontrollutvalet peika på at årsmeldinga kunne vore noko meir fokusert på kva mål ein har for drifta og korleis dei er nådd.

Kontrollutvalet har merka seg revisjonen sine kommentarar i revisjonsrapporten som mellom anna går på følgjande:

- Innbetaling til kontantkasse er ikkje alltid tilstrekkeleg dokumentert
- MVA kompensasjon
- Bunde fond på avløp – positivt resultat må avsetjast
- Kortsiktig gjeld – nokon eldre postar som må grunngjevast
- Tilskott til ressurskrevjande brukarar – for lite inntektsført

Revisjon av årsrekneskapen er tilfredsstillande utført etter kontrollutvalet si oppfatning. Utover dette og det som går fram av revisjonsmeldinga til årsrekneskapen datert 14.04.2014 og revisjonsrapport datert 14.04.2014, har kontrollutvalet ingen merknader til årsrekneskapen for Masfjorden kommune for 2013.

15/14 Sak frå ein innbyggjar som klagar på manglande svar frå kommunen

Ein innbyggjar har klaga på manglande svar frå Masfjorden kommune. Saka gjeld klage på støy i eit byggeområde.

Rådmann og ordførar orienterte om status for saka:

Saka har vore oppe i formannskapet som ei drøftingssak på slutten av året i 2013. Det er satt i verk støydempende tiltak.

Saka skal på nytt takas opp igjen i formannskapet som ei formell sak.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok orienteringa frå rådmann og ordførar til etterretning.

16/14 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Spørsmål til sak 10/14 i kommunestyret om budsjettendringar i 2013. Det vart opplyst om at slike saker må handsamast innan 31.12 i budsjettåret.


Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet reknar med at slike budsjettendringar for seinare tid vert gjort innan budsjettåret.

17/14 Eventuelt

Neste møte i kontrollutvalet er tysdag 22. september kl 09.15.

Masfjorden, 22.04.14


Vigdis Søvik/leiar


Bent Gunnar Næss/sekretær



Skatteetaten



sak 14/256

18-February-2014

Saksbehandlar
Liv Farestveit

Dykkar dato

Vår dato
14.02.2014

Direkte tlf
800 800 00

Dykkar referanse

Vår referanse
2013/148995

Kommunestyret i Masfjorden

5981 MASFJORDNES

Kontrollrapport 2013 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Masfjorden kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av skattebetalingsloven § 2-8, som vert utfylt av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. januar 2009.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt over skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og pliktar å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatteregnskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

Postadresse
Njøsavegen 2

6863 Leikanger
skatteetaten.no/sendepost

Besøksadresse
Sjå www.skatteetaten.no eller
ring gratis 800 80 000
Org. nr.: 991733108

Sentralbord
800 80 000
Telefaks
51 91 73 01



2. Om skatteoppkrevjarkontoret

2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen i følge skatteoppkrevjar sine årsrapportar:

tal årsverk 2013	tal årsverk 2012	tal årsverk 2011
0,6	0,6	0,5

2.2 Organisering

Skatteoppkrevjar er tilsatt i 60% stillingsstorleik og jobbar aleine med skatteoppgåver. Ein frå rekneskapsavdelinga godkjenner utbetalingane. Masfjorden har samarbeidsavtale med kemnaren i Bergen om arbeidsgjevarkontrollen.

3. Måloppnåing

3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Masfjorden kommune viser per 31. desember 2013 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 161 297 312 og uteståande restansar² på kr 4 661 592, av dette krav stilla på vent kr 3 447 410. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 20. januar 2014.

3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2013 for skatteoppkrevjarkontoret for Masfjorden kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2011	4,2	100,0	99,0	95,1	95,6
Arbeidsgjevaravgift 2012	15,4	100,0	99,8	99,8	99,9
Forskotskatt personlege skatteytarar 2012	9,2	98,0	98,8	98,2	99,3
Forskotstrekk 2012	37,9	100,0	99,9	99,9	100,0
Forskotskatt upersonlege skatteytarar 2012	15,9	100,0	99,9	100,0	99,9
Restskatt upersonlege skattytarar 2011	1,2	100,0	98,5	77,0	92,7

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum åpne (ubetalte) forfalne debetkrav



3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Masfjorden kommune er tilslutta Hordaland kommunale rekneskapskontroll.

Resultat for kommunen per 31. desember 2013 viser i følge skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeids- gjevarar	Minstekrav tal (5 %)	Tal utførte kontrollar i 2013	Utførte kontrollar 2013 (i %)	Utført kontroll 2012 (i %)	Utført kontroll 2011 (i %)	Utført kontroll 2013 region (i %)
61	3	4	6,6	1,6	5,1	4,2

4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2013 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll. Siste stadlege kontroll vart halden 29. og 30. april 2013 (intern kontroll, skatterekneskap og innkrevjing) og 24. mai 2013 (arbeidsgjevarkontroll).

Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på pålegg og tilrådingar som er gjevne.

5. Resultat av utført kontroll

- **Intern kontroll**

På bakgrunn av kontrollane skattekontoret har gjennomført, har vi ikkje avdekkja vesentlege manglar i skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll.

- **Regnskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen**

På bakgrunn av kontrollane vi har gjennomført, finn skattekontoret at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- **Skatte- og avgiftsinnkreving**

På bakgrunn av kontrollane vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.


- **Arbeidsgjevarkontroll**

På bakgrunn av kontrollane vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og vert utført i tilstrekkeleg omfang.

6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom kontrollhandlingar i 2013 gjeve pålegg og tilrådingar som er meddelt skatteoppkrevjaren i rapport av 22. mai 2013 og rapport av 17. juli 2013.

Venleg helsing



Arnljot Von Mehren
avdelingsdirektør
Skatt vest



Jan Kåre Strøm
underdirektør
Regional kontrollleining

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Masfjorden kommune
- Skatteoppkrevjaren for Masfjorden kommune
- Riksrevisjonen